



Turid Hellås Lakselv og Tor Jan Lakselv heime i Uskedalen – med eit måleri og eit relieff. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det bur ein multikunstnar med eit frodig og mangfaldig talent midt i Uskedalen. Men det er nok ikkje alle uskedelingar som veit det, for tromsøværingen Tor Jan Lakselv (67) er heller smålåten og har halde ein relativt låg profil sidan han og kona Turid Hellås Lakselv (frå Sandvoll) busette seg her i 1998. Dei bur rett i mot bensinstasjonen, saman med dottera Tove Lill og svigerpersonen Ronny.**

- Eg er nok meir kjend i Hallingdalen enn her, seier Tor, som no har vore fast ansatt sidan i 1998 for å gje det namngjetne Hermon Høyfjellssenter i Sudndalen i Hol kommune ein heilt spesiell og fascinerande profil. Han hadde aldri før prøvd teknikken murpuss i relieff som han har nytta der, men han har og synt sine evner som treskjærar ved senteret. Eigarane Ruth og Arne Håtveit har gjeve kunstnaren heilt frie hender og angrar slett ikkje på det.

- Eg har sagt at dei kanskje burde skifta kunstnar, men dei vil ikkje ha nokon andre. Eg formår relieff i pussen og fargesetter etterpå, forklarar Tor når han er heime att i Uskedalen att etter ei lang arbeidsøkt på Hermon. Han har også hatt utsmykkingsoppdrag på Bergsjøstølen som ligg i Ålsfjellet.

Ellers har han sett spor etter seg mange stader i landet og dette er nokre døme på det:  
Ved Saga Maritim Hotell i Haugesund løyste han ei stor utsmykkingsoppgåve og det same gjorde han ved Fjordhotellet i Rosendal.  
Oslo Lysverker fekk ein spesiell modell av nettet sitt ved å engasjera Tor og det same fekk Ullevål Stadion då fotballforbundet ville illustrera kvar det blir spela fotball i landet.

Men aller høgst av modellkarta sine set nok Tor det han laga for Norsk Hydro for omkring 25 år sidan, som rokk frå golv til tak og som viste konsernet sitt aktivitetsområde offshore. Oppdraget kravde mykje arbeid, ikkje minst på førehand, og folk i konsernet uttala at dei aldri før hadde sett eit så presist arbeid. Hydro-kartet vart laga til oljemessa i Stavanger, men har sidan vandra verda rundt.  
Apropos modellar: Tor har laga ein modell av gruvesamfunnet Litlabø på Stord slik det tok seg ut på 1930-talet. Han er også målar, teiknar og skulptør.

- Han får til alt mulig, seier ei stolt Turid. Ho er den største inspirasjonskjelda hans.

Tor har no vore kunstnar på heiltid i rundt 35 år og stort sett tent til livets opphald på det. Han er ein kunstnarnatur og har gåvene frå faren, som var svært interessert i teiking, måling og treskjering. Multikunstnaren er sjølvlærd, men har hatt nytte av eit studium i konstruksjons- og projeksjonsteikning.

- Og så har eg hatt mye nytte av mi tid som offiser i Frelsesarmeen, legg han til og opnar for historia om livet sitt:

Han har farsrøtene frå Laksefjord på Helgelandskysten medan ein kjem til Finland viss ein skal leita etter røtene på bestemorsida.

Men han vart født i Bremanger i Ytre Sogn og var der til familien i 1943 måtte flykte nordover frå tyskarane etter at faren hadde fått eit vink i tide.

Ferda gjekk til familiebruket på Kvaløya i Troms. Etter konfirmasjonen arbeidde Tor først ved ein mekanisk verkstad i Tromsø og deretter ved Helly Hansen i Moss.

Så gjekk han inn i Frelsesarmeen og møtte ho som skulle bli kona hans – begge var kadettar og vart assistentar på offisersskulen. Seinare vart Tor feltoffiser i Bergen medan kona vart sendt til Trondheim.

Det vart 10 år i Frelsesarmeen for begge. Dei slutta i Frelsesarmeen 15. juni 1966 og gifta seg 10 dagar etterpå!

At Tor er ein god trekkspela, songar og talar seier seg nesten sjølv.

- Eg trudde eg skulle bli i Frelsesarmeen livet ut. At eg i staden hamna i kunsten var nok rett, seier Tor når han summerar opp livet sitt.

Paret bygde hus og flytta til Sandvoll etter tida i Frelsesarmeen. Der budde dei til i 1995 og så vart det tre år i Tromsø før Uskedalen var neste stopp. Og her blir dei.

- Du akter ikkje å pensjonera deg?

- Slett ikkje, men eg ynskjer å avvikla dei tunge oppdraga etterkvart og satsa meir på å halda kurs i treskjæring, Eg har hatt slike kurs i Tromsø, Skien og på Stord og trivs med det.

Av Ola Matti Mathisen